

# Tilsynsplan

Tilsynsplan for spredde avløp 2026 –2033

Vågå kommune



(Foto. Roar Strand, Vågå kommune)

# Innhold

1. Føremål med planen .....	3
2. Juridiske rammer.....	4
3. Status og utfordringsbilde i Vågå kommune.....	4
4. Kommunen sine mål .....	5
4.1 Overordna mål.....	5
4.2 Delmål i planperioden.....	5
5. Kommunen sine strategiar og prioriteringar .....	5
5.1 Risikobasert prioritering .....	5
5.2 Prioriterte område.....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
5.3 Randsoner og tilknytning og fellesløysingar .....	6
5.5 Val av avløpsløysing.....	7
6. Tilsyn og metode .....	7
6.1 Tilsynstypar .....	7
6.2 Datagrunnlag.....	7
6.3 Samarbeid med septikrenovatør .....	8
6.4 Oppfølging av avvik .....	8
7. Framdrift.....	8
8. Ressursbehov og kapasitet.....	9
9. Kommunikasjon og rettleiing .....	10
10. Rapportering og evaluering .....	10
11. Vedlegg.....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
VEDLEGG .....	11
Vedlegg 1. ....	11
Vedlegg 2 .....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>

## 1. Føremål med planen

Denne planen skal vere eit overordna styringsdokument for Vågå kommune sitt arbeid med tilsyn i spreidde avløpsanlegg i perioden 2026–2033.

Planen skal:

- beskrive kommunen sine mål, prioriteringar og strategiar,
- gi grunnlag for systematisk og risikobasert tilsyn,
- bidra til å redusere forureining frå private avløpsanlegg,
- synleggjere ressursbehov og kapasitet,
- og bidra til at miljømåla etter vassforskrifta blir nådde.



Figur: Miljøtilstand- og miljømålklassifisering (Direktoratsgruppen vanddirektivet, 2018)

Planen er eit overordna styringsdokument for kommunen sitt arbeid med tilsyn og oppfølging av spreidde avløpsanlegg. Planen er ikkje ei fullstendig juridisk eller teknisk rettleiing, og fastset ikkje nye krav utover gjeldande lover og forskrifter.

Nærare faglege, juridiske og administrative vurderingar blir handterte gjennom vedlegg, interne rutinar, retningslinjer og behandling av enkeltsaker etter gjeldande regelverk.

Konkrete krav til reinsing, utslepp, dokumentasjon og tilsyn følgjer av forureiningslova, forureiningsforskrifta og enkeltvedtak.

## 2. Juridiske rammer

Kommunen er lokal forureiningsstyresmakt for:

- avløpsanlegg mindre enn 50 pe etter forureiningsforskrifta kapittel 12,
- avløpsanlegg mellom 50 og 2000 pe etter kapittel 13.

Arbeidet er forankra i:

- forureiningslova,
- forureiningsforskrifta,
- vassforskrifta,
- plan- og bygningslova,
- naturmangfaldlova,
- lokal forskrift om tømning av slamavskiljarar.

Kommunen har plikt til å føre tilsyn med at avløpsanlegg ikkje medfører forureining eller helsefare.

## 3. Status og utfordringsbilde i Vågå kommune

Det er registrert om lag 914 private avløpsanlegg i Vågå kommune. Mange av desse er etablerte før dagens krav til reinsing og dokumentasjon blei innførte. Av dei registrerte avløpsanlegga i kommunen er det berre om lag 160 anlegg, tilsvarande rundt 17 %, som har utsleppsløyve av nyare dato (etter 2007).

Utfordringane er særleg knytte til:

- eldre infiltrasjonsanlegg med redusert reinseevne,
- mangelfull dokumentasjon,
- gamle slamavskiljarar,
- avløpsanlegg i område med sårbare resipientar,
- og risiko for påverknad på grunnvatn og drikkevasskjelder.

Kommunen har store område med lausmassar og grunnvassressursar som er viktige både som reinsemedium og drikkevassressurs.

## 4. Kommunen sine mål

### 4.1 Overordna mål

Kommunen skal arbeide for at:

- avløpsanlegg ikkje medfører uakseptabel forureining,
- miljømåla etter vassforskrifta blir nådde,
- private drikkevasskjelder blir verna,
- tilsynsarbeidet skjer systematisk og risikobasert.

### 4.2 Delmål i planperioden

Kommunen skal:

- oppdatere oversikt over alle registrerte avløpsanlegg,
- prioritere tilsyn i område med størst miljø- og helserisiko,
- følgje opp avvik gjennom rettleiing og vedtak,
- Kommunen skal leggje til rette for robuste og miljømessig gode avløpsløyser, inkludert fellesløyser der dette er praktisk og miljømessig formålstenleg.

## 5. Kommunen sine strategiar og prioriteringar

### 5.1 Risikobasert prioritering

Tilsyn og oppfølging av spredde avløpsanlegg skal gjennomførast risikobasert og målretta. Kommunen vil prioritere område og anlegg der risikoen for forureining og påverknad på miljø og brukarinteresser er størst.

Ved prioritering skal det mellom anna leggjast vekt på:

- sårbare resipientar og mindre vassdrag,
- nærleik til drikkevasskjelder,
- alder og teknisk standard på anlegg,
- type avløpsløyser,
- registrerte avvik og driftsproblem,
- belastning og bruksmønster,

- og samla påverknad frå fleire anlegg i same område.

VA-avdelinga i Vågå kommune gjennomførte i 2025 tiltaksovervaking og resipientundersøkingar i Ottaelva knytt til Vågåmo reinseanlegg og Lalm reinseanlegg. Undersøkingane viste gjennomgåande god til svært god tilstand i dei undersøkte delane av Ottaelva, men også at enkelte område har avgrensa restkapasitet for fosfor og at mindre endringar kan påverke tilstanden negativt.

Undersøkingane omfattar i hovudsak Ottaelva og Lalmsvatnet. Det er ikkje gjennomført tilsvarande systematiske undersøkingar av mindre bekkar og vassdrag i kommunen. Kommunen legg til grunn at mindre vassdrag ofte vil vere meir sårbare for påverknad frå spreidde avløpsanlegg på grunn av lågare vassføring og mindre fortynningseffekt.

Kommunen vil derfor prioritere tilsyn og oppfølging i mindre vassdrag og område med mange private avløpsanlegg, særleg der fleire anlegg samla kan gi belastning på resipienten.

Anlegg med størst samla risiko for forureining skal prioriterast først.

## 5.2 Randsoner, tilknytning og fellesløysingar

Vågå kommune har per i dag ikkje konkrete planar om større utvidingar av det offentlege avløpsnett i område med spreidd busetnad.

Kommunen legg til grunn at separate avløpsanlegg og mindre fellesløysingar framleis vil vere dei mest aktuelle løysingane i store delar av kommunen.

I enkelte område nær eksisterande offentleg eller privat avløpsnett kan det vere aktuelt å vurdere tilknytning eller fellesløysingar dersom dette gir:

- vesentleg miljøgevinst,
- meir robuste løysingar,
- eller samla lågare kostnader over tid.

Ved vurdering av slike løysingar skal det leggast vekt på:

- avstand til eksisterande leidningsnett,
- antal eigedomar som kan inngå,
- kostnader og tekniske løysingar,
- miljøgevinst,
- og moglegheit for praktisk gjennomføring.

Kommunen erfarar at etablering av fellesløysingar ofte krev samarbeid mellom fleire eigedomar og aktiv lokal medverknad. Manglande semje mellom eigedomseigarar kan gjere slike løysingar vanskelege å gjennomføre.

Kommunen kan bidra med rettleiing og koordinering i enkelte område, men hovudansvaret for etablering, drift og finansiering av private og felles avløpsløyser ligg hos anleggseigarane.

### 5.3 Val av avløpsløyser

Val av avløpsløyser skal byggje på konkrete vurderingar av:

- grunnforhold,
- resipient og vassføring,
- driftstryggleik,
- brukarinteresser,
- samla miljøpåverknad,
- og moglegheit for framtidig drift og vedlikehald.

Infiltrasjonsanlegg vil normalt vere førsteval der grunnforholda ligg til rette for dette, då slike anlegg kan gi stabil og god reinsing med avgrensa driftsbehov.

Der infiltrasjonskapasiteten er avgrensa, kan minireinseanlegg vere aktuelt som alternativ eller supplement til infiltrasjon. Ved etablering av minireinseanlegg kan det i enkelte tilfelle vere aktuelt å:

- redusere storleiken på infiltrasjonsarealet,
- eller føre reinsa avløpsvatn til bekk eller elv med sikker heilårsvassføring.

Val av løysing skal alltid vurderast konkret ut frå lokale forhold og samla miljøeffekt.

## 6. Tilsyn og metode

### 6.1 Tilsynstypar

Kommunen gjennomfører:

- dokumenttilsyn,
- stadlege tilsyn,
- hendingsbaserte tilsyn,

### 6.2 Datagrunnlag

Tilsynsarbeidet skal byggje på:

- kommunale arkiv,
- slamtømmerrapportar,
- serviceraportar,

- tidlegare tilsyn,
- lokal kunnskap og kartlegging.

### 6.3 Samarbeid med septikrenovatør

Kommunen har etablert eit digitalt, kartbasert system for registrering og oppfølging av private avløpsanlegg i samband med slamtømming.

Ved tømning fyller slamrenovatøren ut ei digital sjekkliste for kvart enkelt anlegg. Det blir også registrert bilete og observasjonar knytte til mellom anna:

- tilkomst og plassering,
- tilstand på slamavskiljar,
- synlege feil eller manglar,
- teikn til overbelastning eller utslepp,
- og andre forhold som kan ha betydning for funksjon og forureiningsfare.

Registreringane blir lagra i kommunen sitt kart- og fagsystem og gir kommunen eit viktig grunnlag for prioritering og oppfølging av tilsyn.

Ved registrerte avvik eller anmerkingar får kommunen varsel gjennom systemet. Slike registreringar kan gi grunnlag for nærare vurdering, tilsyn eller vidare oppfølging etter forureiningsregelverket.

Kommunen skal gjennomgå registrerte avvik fortløpande og nytte informasjonen som del av den risikobaserte prioriteringa av tilsynsarbeidet.

### 6.4 Oppfølging av avvik

Ved avvik kan kommunen:

- gi rettleiing,
- sende førehandsvarsel,
- fatte vedtak om utbetring,
- bruke tvangsmulkt ved manglande oppfølging.

Vedtak skal byggje på konkrete vurderingar i kvar enkelt sak.

## 7. Framdrift

Arbeidet med tilsyn og oppfølging av spreidde avløpsanlegg skal gjennomførast gradvis og risikobasert i planperioden 2026–2033.

Med om lag 914 registrerte avløpsanlegg og avgrensa administrative ressursar er det ikkje realistisk å gjennomføre full oppfølging av alle anlegg innan kort tid. Kommunen vil derfor

prioritere område og anlegg der risikoen for forureining og påverknad på miljø og brukarinteresser er størst.

Følgjande aktivitetar skal prioriterast i planperioden:

- oppdatering av databasar og kartgrunnlag,
- gjennomgang av eksisterande dokumentasjon og utsleppsløyve,
- tilsyn i prioriterte område og delnedbørsfelt,
- oppfølging av registrerte avvik frå slamtømming og tilsyn,
- informasjon og rettleiing til innbyggjarar,
- og vurdering av område der fellesløysingar kan vere aktuelle.

Arbeidet skal så langt som mogleg gjennomførast områdevis for å sikre effektiv ressursbruk og meir heilskapleg vurdering av belastning på resipientar og brukarinteresser.

Framdrifta vil vere avhengig av:

- tilgjengelege ressursar og kapasitet,
- erfaringar frå tilsynsarbeidet,
- miljøtilstand og registrerte avvik,
- kvalitet på eksisterande datagrunnlag,
- og moglegheit for samarbeid mellom anleggseigarar.

Kommunedirektøren skal årleg vurdere behov for justering av prioriteringar og framdrift ut frå kapasitet, erfaringar og miljøfaglege vurderingar.

Planen skal evaluerast og vurderast revidert innan 2030.

Vedlegg 3 gir ei nærare oversikt over prioriterte tiltaksområde i starten av planperioden, der Sjørdalen, Holungsøy og Finna er vurderte som særleg aktuelle for vidare kartlegging og risikobasert tilsyn.

## 8. Ressursbehov og kapasitet

Arbeidet med spreidd avløp er omfattande og langsiktig.

Vågå kommune har per i dag om lag 0,5 årsverk knytt til tilsyn og oppfølging av spreidd avløp.

Med om lag 914 registrerte avløpsanlegg er det nødvendig å prioritere arbeidet ut frå risiko og tilgjengelege ressursar.

Framdrifta i planen er basert på dagens kapasitet. Dersom kommunen ønskjer raskare framdrift eller meir omfattande oppfølging, vil dette krevje:

- auka ressursar,
- interkommunalt samarbeid,

- eller kjøp av ekstern bistand.

## 9. Kommunikasjon og rettleiing

Kommunen skal leggje vekt på:

- tydeleg informasjon,
- føreseieleg saksbehandling,
- dialog med anleggseigarar,
- rettleiing om aktuelle løysingar.

Informasjon kan givast gjennom:

- brev,
- kommunen sine nettsider,
- rettleiingsark og standardbrev.

## 10. Rapportering og evaluering

Kommunen skal arbeide systematisk med dokumentasjon, rapportering og evaluering av tilsynsarbeidet knytt til spreidd avløp.

Det blir årleg rapportert data om spreidde avløpsanlegg, tilsyn og oppfølging gjennom nasjonale rapporteringsløysingar, mellom anna via skjematene til Statistisk sentralbyrå (SSB).

Kommunen rapporterer også status og gjennomførte tiltak gjennom tiltakskort og rapporteringssystem knytte til arbeidet etter vassforskrifta og Oslofjordplanen der dette er relevant.

Rapporteringa skal bidra til:

- betre oversikt over miljøtilstand og påverknad,
- dokumentasjon av gjennomførte tiltak,
- grunnlag for prioritering av vidare arbeid,
- og evaluering av måloppnåing i planperioden.

Kommunen skal fortløpande vurdere behov for justeringar i prioriteringar, metodikk og framdrift ut frå:

- erfaringar frå tilsynsarbeidet,
- rapporterte avvik,
- utvikling i miljøtilstand,
- endringar i regelverk,
- og tilgjengelege ressursar.

Planen skal vurderast revidert ved vesentlege endringar i:

- regelverk,
- miljømål,
- organisering,
- eller ressursgrunnlag.

## VEDLEGG

### Vedlegg 1. Prioriteringskriterium

F – Gjennomførast fortløpande T – Gjennomførast ved ordinær tømning P – Gjennomførast ved ordinær prøvetaking av avløp 1 – Gjennomførast kvart år 2 – Gjennomførast kvart 2. år 4 – Gjennomførast kvart 4. år I/S – Kun for infiltrasjonsanlegg / sandfilteranlegg		Infiltrasjon/sandfilter	Minirensanlegg	Våtmarksfilter / filterbed	Biofilter gråvatn	Tett Tank	Avløpsfritt toalett
Teknisk stand	Skader på tank / lokk / skiljeveggar, inn- eller utlekkning	T2	T1	T2	T4	T1	T
	Dykkar (innløp / utløp ) i slamavskiljar	T2	T1	T2	T4		
	Unormal (låg / høg) vassstand i tank	T2	T1	T2	T4	T1	
	Vass-nivå over alarmnivå	T2	T1	T2	T4	T1	
	Bytte av filtermateriale (melding frå leverandør / eigar)	F		F	F		
Reinhold	Behov for spyling	T2	T1	T2	T4	T1	
	Slamkakens tjukkelse tyder på mangelfull tømning	T2	T1	T2	T4	T1	
	Framandlekamar / søppel i tank	T2	T1	T2	T4	T1	
Tømning	Frekvens ordinær tømning	2	1	2	4	1	
	Avfallshandtering	T2	T1	T2	T4	T1	T
	Tyder slamkakens tykkelse på mangelfull tømning	T2	T1	T2	T4	T1	T
	framandlekamar / søppel i tank	T2	T1	T2	T4	T1	T
Tilgjengelegheit	Lokk overdekket / utilgjengeleg	T2	T1	T2	T4	T1	T
	Lengde / lyftehøgde for slange	T2	T1	T2	T4	T1	T
	Dårleg framkomlegheit for tømmebil. Årsak angjevast	T2	T1	T2	T4	T1	T
Utslepp	Utløpsvatnets utsjåande	P2S	P2	P2	P2		
	Begroing (algar / bakteriar) i resipient		P2	P2	P2		
	Oppstuving av vatn i fordelingslag (peilerøyr)	P2I					
	Kloakkutslag i terreng, lekkasje ledning / overløp	P2	P2	P2	P2	P2	
	Vatnutslag i infiltrasjonsområdet	P2		P2			
Lukt	Prøvetaking		P2	P2	P2		
	Vond lukt frå anlegget	P2	P2	P2	P4	P1	P
Rapportering	Lukt av løsemidler o.l.	P2	P2	P2	P4	P1	P
	Pliktig rapportering til staten (KOSTRA)	1	1	1	1	1	1
	Tømmerapportar frå tømmentreprenør	F	F	F	F	F	F
	Sevicerapportar		F	F	F		
	Årsrapportar		1	1	1		

## Vedlegg 2 – Rettsleg grunnlag

### Formål

Dette vedlegget gir ei kort oversikt over dei viktigaste rettslege rammene for kommunen sitt arbeid med tilsyn og oppfølging av spreidde avløpsanlegg.

Vedlegget er ikkje ei fullstendig juridisk rettleiing. Nærare vurderingar skjer i den enkelte sak og etter gjeldande regelverk.

### Overordna regelverk

Arbeidet med utsleppsløyve, tilsyn og oppfølging av spreidde avløpsanlegg er forankra i:

- forureiningslova,
- forureiningsforskrifta,
- vassforskrifta,
- plan- og bygningslova,
- naturmangfaldlova,
- og lokale forskrifter om utslepp og slamtømming.

### Kommunen si rolle

Kommunen er lokal forureiningsmyndigheit for:

- avløpsanlegg mindre enn 50 pe etter forureiningsforskrifta kapittel 12,
- avløpsanlegg mellom 50 og 2000 pe etter kapittel 13.

Kommunen har ansvar for:

- behandling av søknader om utsleppsløyve,
- tilsyn med eksisterande anlegg,
- oppfølging av avvik,
- og behandling av saker om forureining frå spreidde avløpsanlegg.

### Tilsyn og oppfølging

Kommunen kan føre tilsyn med avløpsanlegg og krevje nødvendige opplysningar og undersøkingar etter forureiningslova.

Ved avvik eller fare for forureining kan kommunen:

- gi rettleiing,
- sende førehandsvarsel,

- fatte vedtak om utbetring,
- stille vilkår,
- eller bruke tvangsmulkt i samsvar med gjeldande regelverk.

Vedtak skal byggje på konkrete vurderingar i kvar enkelt sak.

### **Eksisterande anlegg**

Eksisterande avløpsanlegg kan vere etablerte etter eldre regelverk og ulike tekniske standardar.

Eldre anlegg kan framleis vere lovlege, men kommunen kan krevje oppgradering eller endring dersom:

- anlegget medfører forureining,
- ikkje oppfyller gjeldande krav,
- eller det er nødvendig av omsyn til miljø eller brukarinteresser.

### **Lokale forskrifter**

Kommunen har vedteke lokale forskrifter for:

- tømning av slamavskiljarar.
- gebyr for sakshandsaming og kontroll etter forureiningsregelverket

Dei lokale forskriftene supplerer nasjonalt regelverk og gir nærare krav til mellom anna:

- drift og vedlikehald,
- og kontroll av anlegg.

### **Nærare informasjon**

Nærare faglege og juridiske vurderingar blir handterte gjennom:

- saksbehandling,
- interne rutinar,
- rettleiarar frå Miljødirektoratet,
- Norsk Vann-rapportar,
- og relevant faglitteratur.

## Vedlegg 3 Oversikt over prioriterte områder og delnedbørsfelt

### Sjårdalsbekken/Sjårdalen


Sjårdalen er prioritert som tiltaksområde på grunn av stor konsentrasjon av private avløpsanlegg og fleire brukarinteresser knytte til private vasskjelder.

Området har om lag 211 innbyggjarar, eit kommunalt bustadfelt med om lag 39 innbyggjarar og totalt 101 registrerte private avløpsanlegg. Mange av eigedomane har private drikkevasskjelder.

Det er mangelfullt kunnskapsgrunnlag om grunnforhold, infiltrasjonsevne og samla påverknad på resipient og grunnvatn i området. Samstundes er fleire av anlegga eldre og etablerte før dagens krav til dokumentasjon og reinsing blei innførte.

Kommunen vurderer derfor området som sårbar for påverknad frå spreidde avløpsutslipp, særleg med tanke på mindre vassdrag, grunnvatn og private drikkevassinteresser.


Sjårdalen er derfor prioritert for vidare kartlegging, oppdatering av datagrunnlag og risikobasert tilsyn i planperioden.



Holungsøy er prioritert som tiltaksområde fordi fleire private avløpsanlegg drenerer til eit mindre bekkesystem med avgrensa vassføring og fortynningseffekt.

Området har om lag 35 innbyggjarar og 24 registrerte private avløpsanlegg. Den samla belastninga frå fleire anlegg kan gi påverknad på bekken, særleg i periodar med låg vassføring.

Mindre vassdrag er generelt meir sårbare for påverknad frå spreidde avløpsutslepp enn større resipientar. Kommunen vurderer derfor området som aktuelt for vidare kartlegging og risikobasert tilsyn i planperioden.



## Finna

Finna er prioritert som tiltaksområde på grunn av mange private avløpsanlegg og påverknad på eit mindre og sårbart vassdrag.

Området har om lag 209 innbyggjarar og 108 registrerte private avløpsanlegg. Fleire av anlegga ligg nær Finna og mindre sidevassdrag som drenerer til elva.

I samband med tiltaksovervaking og prøvetakingsprogram gjennomført i 2025 vart det teke vassprøver ved utløpet av Finna. Resultata viste at samla tilstand i Finna blir trekt ned til «god» på grunn av fosforverdiane i vassdraget.

Undersøkingane viser samtidig at mindre vassdrag kan vere sårbare for påverknad frå fleire utslepp over tid, særleg der mange separate avløpsanlegg er samla innanfor same nedbørsfelt. Kommunen vurderer derfor Finna som eit prioritert område for vidare kartlegging, oppfølging og risikobasert tilsyn i planperioden.

